
Fra: Nils Kaalaas
Sendt: 26. mai 2014 11:04
Til: Torunn Keilegavlen
Emne: VS: Invitasjon deltaking til hjorteprosjekt
Vedlegg: Forvaltning av hjortebestand 2013-2017 endeleg.pdf;
hordahjort_inndeling_a4.jpg

Hei
Kan du laga sak.

Nils

Fra: arve aarhus [<mailto:aaarh@online.no>]

Sendt: 16. desember 2013 22:51

Til: ullensvang 2; odda kommune; voss kommune; ulvik kommune; fjell kommune; askøy kommune; jondal kommune; postmottak Modalen; Post Austrheim; Tore Inge Bratteteig; eidfjord kommune; Lars Johan Fjelde; øygarden kommune; Terje Danielsen Kvamme; kvinnherad2 kommune; ullensvang kommune; kvinnherad kommune; etne kommune; Postmottak Radøy; sveio kommune; Nils Kaalaas; bergen kommune; austevoll kommune; kvam kommune; sund kommune; bømlo kommune; granvin kommune; Ottar Myrtveit; fitjar kommune; fusa kommune; tysnes kommune; Stord kommune; vik kommune; gulen kommune

Kopi: fk hordaland; Johannes Nygaard

Emne: Invitasjon deltaking til hjorteprosjekt

Hei alle saman. Takk for sist til dykk som var i Bergen på avslutninga av Hordahjortprosjektet.

Som nevnt der er identifisering av hensiktsmessige bestandsområde gjennomført som del av Hordahjortprosjektet. I alle fall laga forslag kartfesta korleis dette kan komme til å sjå ut. Bakgrunnen for kartet som er teikna er generell kunnskap om hjort og områdebruk kopla med alle desse arbeidsgruppene som har fått fram lokalkunnskapen og ført til at den ligg i botn for forslaga kartet peikar på. Kartet er lagt som vedlegg. Arbeidet har peika på snautt 30 inndelingar hensiktsmessige for avgrensingar av ulike hjortebestandar uavhengig av administrative inndelingar i Hordahjortnedslagsfeltet.

De blir med dette invitert til vidareføring i prosjektet "Forvaltning av hjortebestand 2013-2017 ". Prosjektet blir jobba fram av felles Utmarksavdeling til Vestskog og Sogn og Fjordane Skogeigarlag, og blir leia av underteikna.

For Hordahjortkommunane betyr det at de har utført del 1 av prosjektgjennomføringa i Hordahjortprosjektet og kan gå direkte på andre prosjektår – jobbe med innhald og samarbeid i områda som er peika på. De blir inviterte til å bli med dei inntill 4 siste åra av prosjektperioden.

- De blir inviterte til deltaking i prosjektet som sikrar oppfølging av resultatata frå Hordahjort.
- Prosjektet legg til rette for etablering av bestandsplanområde og med godkjenning av bestandsplanar innan kvar føreslegen hensiktsmessig hjortebestandsavgrensing.
- Prosjektet følg opp samarbeidseiningane slik at ein sikrar innhald, fagleg gode rutinar og eit sterkt og veldreve fundament for samarbeid mellom grunneigarar, vald eller likande.

Sjå øvrig vedlagde prosjektskisse.

Som de ser er det lagt opp til felles løft. Ein oppfordrar alle til å delta slik at det blir felles løft uavhengig av kommunegrenser (og fylkesgrenser der det er tema)

De ser også at det er lagt opp til delprosjekt innan fylkesgrenser slik ca, og at det er lagt opp til regional styring og prioritering gjennom oppretting av regionale styringsgrupper for delprosjekta. Vi håpar å be Hordaland fylkeskommune om saman med kommunane å etablere slik styringsgruppe for Hordaland.

Vi ber om tilslutning frå kvar kommune. Årleg kostnad er kr. 25.000,- inkl mva. Faktura for prosjektdeltaking blir sendt etter kvart som kommunar til tilslutning til prosjektet.

Til orientering nevner vi også at kommunane i Sogn og Fjordane er tilslutta prosjektet frå 2013. Kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane er såleis på same ståstad pr 1/1 2014 i utvikling organiseringsmessig. Det vil bli jobba parallelt i begge regionar. For Møre og Romsdal og Rogaland vil dei liggje etter i framdrift, men dei vil få høve til oppstart i 2014 og/eller 2015.

Vi håpar på tilslutning frå alle kommunar. Vi vil prøve å kontakte kvar av dykk med det første for avklaring. Men ver vennleg å ta kontakt med oss dersom noko er uklart.

Beste julehelsingar

På vegne av Utmarksavdelinga Vestskog/SFSkog

Arve Aarhus

47750258

aaarh@online.no